

# Prop. 15 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2024 under Barne- og familidepartementet

*Tilråding frå Barne- og familidepartementet 22. november 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og familidepartementet (BFD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2024 i samsvar med punkt 2 nedafor.

band med Revidert nasjonalbudsjett 2024. Statens helsetilsyn har no fått oppdraget om å etablere undersøkingsordninga. Venta utgifter i 2024 er redusert til 2,3 mill. kroner.

BFD føreslår å på denne bakgrunn å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 800 Barne- og familidepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga blir føreslått auka med om lag 3,5 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeren for 2024. Sjå nærmare omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

##### *Post 61 Tilskot til incest- og valdtektsenter, overslagsløyving*

Løyvinga dekkjer tilskot til 21 incestsenter og eitt valdtektsenter. Gjeldande løyving er 123 mill. kroner. Det er eit krav at tilskot til ordinær senterdrift frå kommunar, fylkeskommunar og helseføretak til saman skal dekke minst 20 prosent av driftsutgiftene for å tildele eit statleg tilskot på inntil 80 prosent. Det er i år venta eit mindreforbruk på 1,3 mill. kroner, sidan tildelt tilskot ikkje nøyaktig svarer til løyvinga på posten.

BFD føreslår å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner.

#### Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 70 og kap. 846, post 62*

Løyvinga på posten går mellom anna til å etablere ei undersøkingsordning for saker som gjeld vald, overgrep og grov omsorgssvikt mot barn. I samband med Prop. 1 S for 2024 vart det løyvd 10 mill. kroner til dette. Grunna forseinkingar i arbeidet blei løyvinga redusert med 5 mill. kroner i sam-

#### Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving*

Prognosene for bruk av meklarar utanom familievernet er høgare enn lagt til grunn i gjeldande

budsjett. BFD føreslår derfor å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner.

## Kap. 842 Familievern

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga blir føreslått auka med om lag 7,7 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til forsking, evaluering, utviklingsarbeid og kompetanseheving i familievernet. Posten kan også nyttast til andre tiltak for å utvikle tilbodet til familievernenesta og samarbeid med andre tenester m.m. Det ligg an til eit mindreforbruk på 2,9 mill. kroner inneverande år.

BFD føreslår å redusere løyvinga med 2,9 mill. kroner.

## Kap. 843 Adopsjonsstønad

### *Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn fra utlandet, overslagsløyving*

Prognosene for talet på utanlandsadopsjonar er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

## Kap. 844 Kontantstøtte

### *Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Det blir føreslått å auke løyvinga med 40 mill. kroner som fylge av omstende knytt til endringar i kontantstøtelova frå 1. august 2024. Lovendringane innebar at kontantstøtteperioden er redusert frå elleve til sju månadar, og brukarane har no rett til kontantstøtte frå den månaden barnet er 13 månadar til og med den månaden barnet blir 19 månadar, jf. Innst. 237 L (2023–2024) og Prop. 43 L (2023–2024). Lovendringa gjaldt alle, det vil seie både gamle og nye saker, og det var ikkje lagt opp til overgangsreglar for dei som var inne i kontantstøtteordninga då lovendringane tok til å gjelde.

I samband med gjennomføringa av lovendringane blei det klart at nokre søkerarar ikkje fekk like mykje informasjon som andre frå Arbeids- og

velferdsetaten om regjeringa sitt forslag til redusert kontantstøtteperiode. Regjeringa har difor førebudd og set i verk ei overgangsordning for personar som søkte om kontantstøtte *før 1. februar 2024*, og som fekk vedtak om kontantstøtte *1. mars eller seinare*. Arbeids- og velferdssamarbeidet har opplyst at dette gjeld om lag 400 personar. 1. februar er datoan Arbeids- og velferdsetaten byrja å gi informasjon om regjeringa sitt lovforlag i dialogen med søkerarar om kontantstøtte. 1. mars er fristen for hovudopptaket til barnehage i dei fleste kommunar. I vedtaksbrevet fekk den einskilde informasjon om betydinga av dei komande lovendringane.

Overgangsordninga skal gjennomførast som ei eingongsutbetaling tilsvarande beløpet desse 400 søkerane skulle hatt etter reglane før 1. august 2024. Overgangsordninga aukar utgiftene til kontantstøtte med 6 mill. kroner i 2024. Det er ikkje utgifter knytt til overgangsordninga i 2025.

I samanheng med endringane i kontantstøtelova frå 1. august 2024 vart det også vedteke endringar i ordlyden for når kontantstøtte kjem til utbetaling og opphøyrer. Dette innebar ei utilsikta reversering av ei lovendring av 2022 om opphørs-tidspunktet i støtteperioden, som blei innført for at støttetakarane ikkje skulle få kontantstøtte for same månad som barnet byrjar i barnehage, jf. Prop. 15 L (2021–2022). Stønadspериодen er med det utilsikta utvida med éin månad. Endringa av tidspunktet for når støtta kjem til utbetaling, har også gitt ein utilsikta utvida rett til kontantstøtte med éin månad i ein skilde tilfelle. Til dømes vil begge foreldre som ikkje lenger bur saman, få ytinga for den same månaden som barnet flyttar mellom dei. Stortinget vart informert om saka i brev frå barne- og familieministeren av 26. august 2024.

Arbeids- og velferdssamarbeidet har opplyst at om lag 4 400 personar denne hausten vil få kontantstøtte for ein månad ekstra grunna dei utilsikta konsekvensane av lovendringane. Dette aukar meirutgiftene til kontantstøtte med om lag 34 mill. kroner i 2024. Størsteparten av utgiftene er knytt til utbetalingar av kontantstøtte for barn som byrja i barnehage i august, sidan dei aller fleste barn byrjar i barnehage den månaden.

Barne- og familidepartementet legg fram ein lovproposisjon som rettar opp dei utilsikta konsekvensane.

Utover sakane knytt til endringane i kontantstøtelova, er talet på mottakarar av kontantstøtte også høgare enn tidlegare lagt til grunn. Det aukar utgiftene til kontantstøtte i 2024 med ytterlegare 30 mill. kroner.

Dei samla utgiftene i 2024 er dermed rekna til 990 mill. kroner. BFD føreslår derfor å auke løyinga med 70 mill. kroner.

## Kap. 845 Barnetrygd

### *Post 70 Tilskot, overslagsløying*

Talet på mottakarar av barnetrygd er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett og trekk løyinga ned. Barne- og familidepartementet viser samstundes til endring i barnetrygdlova ved lov 25. juni 2024 nr. 73 som tok til å gjelde fra 1. juli 2024. Endringa innebar å erstatte tidlegare regel om etterbetaling av barnetrygd i opptil tre år med ein ny hovudregel om etterbetaling i opptil tre månader. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 blei løyinga til barnetrygd i inneverande år redusert med 122 mill. kroner grunna endringa. Arbeids- og velferdsdirektoratet reknar no innsparinga av endringa 97 mill. kroner lågare enn tidlegare lagt til grunn. Årsaka til endringa er at direktoratet ikkje tok tilstrekkeleg høgde for dei budsjettmessige konsekvensane av overgangsreglane som blei innført i samband med lovendringane.

Utgiftene til barnetrygd blir på denne bakgrunn rekna til 25 600 mill. kroner i 2024. BFD føreslår derfor å redusere løyinga med 68 mill. kroner.

## Kap. 846 Familie- og oppveksttiltak

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 61, post 62 og post 71*

Løyinga på posten dekkjer utgifter til tiltak på familie- og oppvekstområdet. Grunna færre adopsjonar, mellom anna fordi at formidlingsløyva for fleire land no er trekt tilbake, rapporterer adopsjonsorganisasjonane at dei står i ein økonomisk pressa situasjon. For å sikre ein minstedrift av organisasjonane i 2024, medan klagene over formidlingsløyva blir handsama i departementet, er det tildelt 1,8 mill. kroner i ekstra driftsstøtte i år. Midla er budsjettert på denne posten. For å sikre korrekt postbruk, føreslår BFD å redusere løyinga med 1,8 mill. kroner mot tilsvarende auke på post 71.

For å sikre korrekt postbruk av midlar til evaluering av programmet *Sammen på vei*, føreslår BFD vidare å auke løyinga med 2 mill. kroner, sjå omtale under post 71.

Samla føreslår BFD å auke løyinga med 0,2 mill. kroner.

### *Post 71 Utviklings- og opplysningsarbeid m.m., kan nyttast under post 21 og post 62*

Løyinga dekkjer mellom anna utgifter til utprøving og evaluering av programmet *Sammen på vei*. For å sikre korrekt postbruk, føreslår BFD å redusere løyinga med 2 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 846, post 21.

BFD føreslår vidare å auke løyinga med 1,8 mill. kroner for å sikre korrekt postbruk av midlar til adopsjonsorganisasjonane inneverande år, sjå omtale under post 21.

Samla føreslår BFD å redusere løyinga med 0,2 mill. kroner.

### *Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m., kan overførast*

Løyinga dekkjer mellom anna tilskotet til Barentssekreariatet i Kirkenes for å fremme ungdomssamarbeid i Barentsregionen. Grunna krigen i Ukraina hadde Barentssekreariatet ubrukte midlar på 0,675 mill. kroner frå tildelinga for 2023. Restmidlane blei overført til 2024 og tilskotet til Barentssekreariatet i 2024 er derfor avkorta med tilsvarende sum.

BFD føreslår derfor å redusere løyinga med 0,7 mill. kroner.

## Kap. 847 EUs ungdomsprogram

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyinga blir føreslått auka med om lag 0,3 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeren for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

## Kap. 848 Barneombudet

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyinga blir føreslått auka med om lag 0,5 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeren for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

## Kap. 853 Barneverns- og helsenemndene

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyinga på posten dekkjer driftsutgifter i nemndene og i Sentraleininga for barneverns- og

helsenemnda og sakskostnader ved handsaming av saker. For å digitalisere nemndene slik at dei mellom anna kan gjennomføre digitale møte, føreslår departementet å auke løyvinga med 5 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjonar på kap. 854, post 21 og post 22.

Løyvinga blir vidare føreslått auka med 3,7 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeren for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Samla føreslår BFD å auke løyvinga med 8,7 mill. kroner.

## Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer mellom anna utgifter til utviklingstiltak, i hovudsak tidsavgrensa prosjekt, på barnevernsområdet. Posten dekkjer også refusjon av barnevernsutgifter på Svalbard. Som følgje av høgare refusjonar enn tidlegare lagt til grunn, er det eit meirbehov på posten. Departementet føreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga på kap. 854, post 21 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 854 post 23.

Det er venta mindreforbruk på posten grunna forseinkingar knytt til IKT-utviklingsprosjekt i Bufdir. Departementet føreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga med 3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 853, post 01.

Samla føreslår BFD å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

### *Post 22 Barnesakkunnig kommisjon*

Løyvinga på posten dekkjer drift av Barnesakkunnig kommisjon. Det er venta eit mindreforbruk på posten fordi det har vore færre innkomne rapportar frå sakkunnige i barnevernssaker enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Departementet føreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 853, post 01.

### *Post 23 Kompetansehevingstiltak i barnevernet*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til kompetansehevingstiltak for kommunalt barnevern. Det er forseinkingar i innkjøp av to nye opplæringstiltak for betre styring og leiing i 2024. Departementet føreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 854, post 21.

I tillegg blir det føreslått å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1520, post 01 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt budsjett. Statsforvaltaren i Vestland har i 2024 hatt meirutgifter knytt til den sokalla Spydeberg-saka. Situasjonen gjer at statsforvaltaren i Vestland ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å utføre lovpålagde oppgåver på helse- og barnevernsområdet. Samla føreslår BFD å auke løyvinga til statsforvaltaren med 2,5 mill. kroner, sjå òg omtale under kap. 854, postane 71 og 72. I tillegg blir det føreslått ei tilsvarende auke grunna meirutgifter på helseområdet, slik at den samla auken på kap. 1520, post 01 blir 5 mill. kroner.

Samla føreslår BFD å redusere løyvinga med 1,4 mill. kroner.

### *Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid mv.*

Løyvinga blir i hovudsak nytta til tilskotsordningar og tilskot. Det er eit mindreforbruk i utbetalning av støtte til barneeinga i Østersjøområdet (Children at Risk) i 2024 grunna endringar i valutakurs. BFD føreslår å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1520, post 01 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt budsjett. Sjå omtale under kap. 854, post 23.

### *Post 72 Tilskot til forsking og kompetanseutvikling i barnevernet, kan overførast, kan nyttas under post 23*

Løyvinga går til langsiktig utviklingsarbeid for å auke kompetansen og kunnskapsnivået i barnevernet i Noreg. Det er venta mindreforbruk i 2024 på grunn av forseinking i vidareutdanning for institusjonsleiarar. Vidareutdanninga vil gå som planlagt, men er noko forseinka. BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 854, post 72 med 2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1520, post 01 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt budsjett. Sjå omtale under kap. 854, post 23.

## Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22*

Løyvinga blir føreslått auka med 93,8 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeren for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

## Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkarar

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga skal dekkje utgifter til drift av statlege omsorgsplassar og arbeid med godkjenning av senter, opplæring, oppfølging, anskaffingar, administrasjon og busetjing av einslege mindreårige frå omsorgssenterane. Løyvinga blir føreslått auka med 3,5 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Delar av lønskompensasjonen frå kap. 856, post 01 blir føreslått flytta til kap. 856, post 22. Post 22 vart oppretta i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett 2024 og har ikkje blitt kompensert for lønnsvekst, medan kompensasjonen på denne posten er for høg. BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 856, post 01 med 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 856, post 22.

Samla føreslår BFD å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner.

### *Post 22 Kjøp av plassar i private omsorgssenter*

Løyvinga på posten skal gå til kjøp av private omsorgsplassar til einslege, mindreårige asylsøkjarar under 15 år. For å få korrekt lønskompensasjon på kap. 856 blir det føreslått ei flytting frå post 01 til post 22. BFD føreslår å auke løyvinga på post 22 med 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 856 post 01. Sjå omtale under kap. 856 post 01.

## Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar

### *Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Nokre innanlandske utgifter som er knytte til mot-tak av asylsøkjarar og flyktningar kan, ifølgje statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development Assistance Centre), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Ifølgje retningslinene frå OECD/DAC er det berre utgifter det fyrste året som kan ODA-godkjennast. I gjeldande budsjett er det lagt til grunn at 81 prosent av barna i omsorgssentera har under eitt år oppholdstid. På grunn av stor auke i talet på barn i omsorgssentera har busettinga teke noko lengre tid. Det blir no venta at om lag 56 prosent av barna vil ha oppholdstid på under eitt år i 2024.

BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 3856, post 04 med 120,1 mill. kroner.

## Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga blir føreslått auka med om lag 9,9 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

## Kap. 868 Forbrukartilsynet

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga blir føreslått auka med 2,8 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

## Kap. 3868 Forbrukartilsynet

### *Post 01 Gebyrinntekter*

Løyvinga svarer til inntektene frå innbetalt handsamingsgebyr for saker til mekling i Forbrukartilsynet og saker til handsaming i Forbrukarklageutvalet. Oppdaterte anslag frå Forbrukartilsynet indikerer ei lågare saksinngang enn tidlegare lagt til grunn.

BFD føreslår på bakgrunn av dette å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner.

## Kap. 881 Tilskot til trussamfunn m.m.

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal mellom anna dekkje utgifter til forsking og utviklingstiltak på trus- og livssynsområdet og innanfor feltet gravplassar, kremasjon og gravferd. BFD føreslår å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 881, post 78. Sjå omtale under.

### *Post 78 Ymse faste tiltak*

Løyvinga på posten skal mellom anna dekkje driftstilskot til dialog- og paraplyorganisasjonar på trus- og livssynsfeltet, og andre dialogtiltak. BFD føreslår å gje Hjelpekilden eit tilskot på 0,7 mill. kroner til arbeidet med kompetanseheving i hjelpeapparatet om negativ sosial kontroll i trus- og livssynssamfunn. Hjelpekilden vil samarbeide med Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald om dette arbeidet.

BFD føreslår å auke løyvinga med 0,7 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 881, post 21.

## Kap. 882 Kyrkjebygg og gravplassar

### *Post 60 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, kan overførast*

Løyvinga på posten skal dekkje tilskot tilsvarende renteutgiftene for dei investeringskostnadene som det er gitt tilsegn om kompensasjon for i perioden 2005–2019. Det har ikkje vore gitt ny investeringsramme sidan 2019. I 2024 har den faktiske kompensasjonsrenta Husbanken bruker vore høgare enn berekningsrenta som var lagt til grunn i saldert budsjett.

BFD føreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner.

## Kap. 883 Kyrkjebevaringsfondet

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal i hovudsak nyttast til drift av programsekretariatet, programstyret og fagrådet som forvaltar bevaringsstrategien for kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg og tilhøyrande tilskotsordning. Vedteke budsjett på posten er 15,6 mill. kroner. Det er venta eit mindreforbruk som følgje av at sekretariatet for Kyrkjebevaringsfondet først blei etablert i juni og ikkje var fullt operativ før i starten av oktober. BFD føreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga med 3,7 mill. kroner.

Løyvinga blir vidare føreslått auka med 0,2 mill. kroner knytt til verknaden av lønnsoppgeret for 2024. Sjå nærmare omtale i proposisjonen til Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Samla føreslår BFD å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner.

### *Post 60 Tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg, kan overførast*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til tilskotsordninga *forskrift om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirkebygg knytt til Bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kirkebygg*.

Tilskotsordninga blei lagd fram for Stortinget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024 med ei løying på 100 mill. kroner. Utbetalinga skjer etter kvart som mottakarane treng å få dekt dei aktuelle utgiftene. Utbetalingstakten er derfor

usikker. Løyvinga er overførbar, men blir justert i tråd med kravet til realistisk budsjettering i løpet av det einskilde budsjettåret. Riksantikvaren sin oppdaterte prognose for utbetaling av tilskot i 2024 er om lag 90 mill. kroner.

BFD føreslår å redusere løyvinga på med 10 mill. kroner. Sjå også omtale under kap. 3883, post 50.

## Kap. 3883 Kyrkjebevaringsfondet

### *Post 50 Overført fra Kyrkjebevaringsfondet*

Det blei overført 200 mill. kroner frå Opplysningsvesenets fond til fondskontoen Kyrkjebevaringsfondet i august 2024. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024 blei det lagt opp til eit uttak i 2024 på 100 mill. kroner, «tilsvarende anslatte utgifter på kap. 883, post 60». Oppdatert prognose frå Riksantikvaren på utbetaling av tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg i løpet av 2024 på kap. 883, post 60 er justert ned frå 100 til 90 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere kap. 3883, post 50 tilsvarende ned med 10 mill. kroner.

Gjenståande på fondskonten er etter dette 110 mill. kroner. I tillegg kjem renteinntekter på fondsmidlane for 2024.

## Kap. 2530 Foreldrepengar

### *Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløying*

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2024 blir no rekna til 25 950 mill. kroner. Dette er 1 190 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett, og skuldast i hovudsak fleire fødde i 2023 og 2024 enn tidlegare lagt til grunn.

BFD viser òg til revidert nasjonalbudsjett for 2024 og omtale av utgifter knytt til dom frå Högsterett i sak om fedrekvota i foreldrepengesordninga (HR-2023-2432-A). I dommen blei det slått fast at Arbeids- og velferdsetaten tidlegare har hatt feil praksis når det gjaldt å setje frist for søknad om foreldrepengar. Løyvinga til foreldrepengar ved fødsel blei difor auka med 44,5 mill. kroner for å ta høgde for etterbetalingar av foreldrepengar. Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser no at arbeidet med å vurdere saker om etterbetaling har tatt lenger tid enn tidlegare venta. Dei reknar no med at det blir eit ubetydeleg tal utbetalingssakar i løpet av 2024. Dette reduserer forslaget til løying med 44,5 mill. kroner inneverande år. Regjeringa vil vurdere endringar i løyvinga til foreldrepengar i 2025 som er knytt til

denne saka i samband med revidert nasjonalbudsjett.

BFD føreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga med 1 190 mill. kroner.

*Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving*

Utgiftene til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon i 2024 blir no rekna til 690 mill. kroner. Dette er 15 mill. kroner lågare enn gjeldande budsjett. Endringa kjem av at det er venta færre mottakarar av eingongsstønad enn tidlegare lagt til grunn.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

*Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving*

Utgiftene til feriepengar av foreldrepengar blir no rekna til 655 mill. kroner. Dette er 40 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett. Utgiftene på posten blir rekna på grunnlag av delen av foreldrepengane føregåande år som blir utbetalt som feriepengar. Feriepengedelen for 2023 er no 2,8 prosent og dermed høgare enn tidlegare lagt til grunn.

BFD føreslår derfor å auke løyvinga med 40 mill. kroner.

*Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved adopsjon blir no rekna til 24 mill. kroner. Dette er 2 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett. Endringa kjem av at det er venta fleire mottakarar av foreldrepengar ved adopsjon enn tidlegare lagt til grunn.

BFD føreslår derfor å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

**Kap. 5706 Bidragsforskott**

*Post 70 Refusjon fra bidragspliktige*

Arbeids- og velferdsetaten krev refusjon for utbetalt bidragsforskott i barnebidraget frå dei bidragspliktige. Innbetalingane blir ført på denne posten. Det er venta fleire refusjonar enn lagt til grunn gjeldande budsjett. Løyvinga på posten for 2024 blir no rekna til 178 mill. kroner. BFD føreslår derfor å auke løyvinga med 7 mill. kroner.

Barne- og familidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Barne- og familidepartementet.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Barne- og familidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Barne- og familidepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2024 vert det gjort følgjande endringar:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
800		Barne- og familidepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 167 418 000 til kr 170 892 000	3 474 000
840		Tiltak mot vald og overgrep :	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70 og kap. 846, post 62,</i> blir redusert med ..... frå kr 26 774 000 til kr 24 074 000	2 700 000
	61	Tilskot til incest- og valdtektsenter, <i>overslagsløyving,</i> blir redusert med ..... frå kr 123 250 000 til kr 121 950 000	1 300 000
841		Samliv og konfliktløysing:	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving,</i> blir auka med ..... frå kr 13 516 000 til kr 16 016 000	2 500 000
842		Familievern:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70,</i> blir auka med ..... frå kr 405 764 000 til kr 413 438 000	7 674 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast,</i> blir redusert med ..... frå kr 26 809 000 til kr 23 909 000	2 900 000
843		Adopsjonsstønad:	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving,</i> blir redusert med ..... frå kr 6 000 000 til kr 4 000 000	2 000 000
844		Kontantstøtte:	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving,</i> blir auka med ..... frå kr 920 000 000 til kr 990 000 000	70 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
845		Barnetrygd:	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 25 668 000 000 til kr 25 600 000 000	68 000 000
846		Familie- og oppveksttiltak:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 61, post 62 og post 71</i> , blir auka med ..... frå kr 54 581 000 til kr 54 781 000	200 000
	71	Utviklings- og opplysningsarbeid m.m., <i>kan nyttast under post 21 og 62</i> , blir redusert med ..... frå kr 77 216 000 til kr 77 016 000	200 000
	79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 12 015 000 til kr 11 340 000	675 000
847		EUs ungdomsprogram:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 16 968 000 til kr 17 265 000	297 000
848		Barneombodet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 24 344 000 til kr 24 831 000	487 000
853		Barneverns- og helsenemndene :	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 256 524 000 til kr 265 249 000	8 725 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet:	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 56 276 000 til kr 54 276 000	2 000 000
	22	Barnesakkunnig kommisjon, blir redusert med ..... frå kr 15 855 000 til kr 13 855 000	2 000 000
	23	Kompetansehevingstiltak i barnevernet, <i>kan nyttast under post 72</i> , blir redusert med ..... frå kr 58 029 000 til kr 56 629 000	1 400 000
	71	Utvikling og opplysningsarbeid m.m., blir redusert med ..... frå kr 41 712 000 til kr 41 612 000	100 000
	72	Tilskot til forsking og kompetanseutvikling i barnevernet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23</i> , blir redusert med ..... frå kr 134 945 000 til kr 132 945 000	2 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
855		Statleg forvalting av barnevernet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22</i> , blir auka med ..... frå kr 4 524 872 000 til kr 4 618 637 000	93 765 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under 22</i> , blir auka med ..... frå kr 149 742 000 til kr 150 971 000	1 229 000
	22	Kjøp av plasser i private omsorgssenter, <i>kan nyttast under 01</i> , blir auka med ..... frå kr 338 184 000 til kr 340 467 000	2 283 000
858		Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet og fellesfunksjonar i Barne-, ungdoms- og familieetaten:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 652 388 000 til kr 662 278 000	9 890 000
868		Forbrukartilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 136 349 000 til kr 139 120 000	2 771 000
881		Tilskot til trussamfunn m.m.:	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 2 301 000 til kr 1 601 000	700 000
	78	Ymse faste tiltak, blir auka med ..... frå kr 18 761 000 til kr 19 461 000	700 000
882		Kyrkjebrygg og gravplassar:	
	60	Rentekompensasjon – kyrkjebrygg, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 119 497 000 til kr 125 018 000	5 521 000
883		Kyrkjebearingsfondet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 15 636 000 til kr 12 171 000	3 465 000
	60	Tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebrygg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 100 000 000 til kr 90 000 000	10 000 000
2530		Foreldrepengar:	
	70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 24 760 000 000 til kr 25 950 000 000	1 190 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
71		Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	15 000 000
		frå kr 705 000 000 til kr 690 000 000	
72		Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	40 000 000
		frå kr 615 000 000 til kr 655 000 000	
73		Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 22 000 000 til kr 24 000 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar:	
04		Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	120 135 000
		frå kr 400 990 000 til kr 280 855 000	
3868		Forbrukartilsynet:	
01		Gebyrinttekter, blir redusert med .....	500 000
		frå kr 1 500 000 til kr 1 000 000	
3883		Kyrkjebavaringsfondet:	
50		Overført frå Kyrkjebavaringsfondet, blir redusert med .....	10 000 000
		frå kr 100 000 000 til kr 90 000 000	
5706		Bidragsforskott:	
70		Refusjon frå bidragspliktige, blir auka med .....	7 000 000
		frå kr 171 000 000 til kr 178 000 000	

---



---



---



Trykksek  
2041 0446